

## Referat frå årsmøte i Huglo Bygdelag

<b>Stad</b>	Huglo bygdaus, klasserom
<b>Møtedato/tidspunkt</b>	14.04.24
<b>Referat</b>	Huglo Bygdelag
<b>Til stades</b>	34
<b>Referent</b>	Marlene Sørli

<b>Sak:</b>
<b>1. Godkjenning av innkalling</b>  Ingen merknadar til innkallinga. Innkallinga er godkjent.
<b>2. Val av møteleir</b> Sigurd Huglen
<b>3. Val referent:</b> Marlene Sørli Signering av referenter: Wenche Taranger og Leif Nordtveit
<b>4. Godkjenning av årsmelding</b>  Har hatt 12 styremøte i løpet av året. <u>Samferdsel</u> - Buss går ikkje på skulefrie dagar. - Ferja. Får ikkje lenger dispensasjon frå krav om kviletid. Bygdelaget må jobbe vidare med dette.  <u>Kulturelle tiltak</u> - Hugladag <i>kom lag</i> - Basar fekk inn 65.000 - Haustmøte  <u>Gåve</u> - Søkte om midlar frå Alsaker fjordbruk og fekk 50.000 kr - Søkte om mildar frå Sparebanken Vest og fekk 180 000 kr  <u>Bygg eigeedom til HBL</u> - Eigeedom med gnr/bnr 3/78 (Samsonstonmta) vart lagt ut på finn.no i våren 2023. Det var to interesserte, men vart ikkje noko sal. - Skarvane 2: her er det utført noko vedlikehald. - Huglo bygdehus: her er det utført tiltak kring tak på mellombygg og no held me på innvendig i underetasjen for å oppgradree toalett og garderobe. Har skifta ut vindauge på kjøkenet og på trimrom. Huglo idrettslag kosta vindauge på trimrommet. Det er og montert varmpumpe i møterommet i småskulen.

### Fastlandssambandet

Har prøvd å få Stord kommune til å støtte opp om detaljreguleringsplan for fastlandssambandet, men utan å lykkast.

### Leiro og Viksanden

-Viksanden vert drifta som før. Det er Erling Grov som slår.

-Leiro – varsel om vern. Bygdelaget har sendt inn merknad om bruken av området.

### Heimebaserte tenester

Har sendt brev til kommunen om at ein må få dei same tenestene på Huglo som elles i kommunen.

### Huglo.no

Asbjørn Sortland har tatt på seg å bistå med informasjon ut på nettsida. Viktig at me som bur på øya sender melding til han om stort og smått.

### Politisk møte 31/8-2023

HBL inviterte alle politiske parti til Huglo og det vart halde eit møte den 31.8.23. HBL stilte to spørsmål til alle partia:

1. Det vart stilt spørsmål ved vedlikehald av den kommunale kaien på Sørhuglo. Her svara samtlige parti at dette skal utførast og er inne i investeringsplanen.
2. Det vart stilt spørsmål ved milder til detaljregulering av fastlandssamband. Svaret var at dette skal sjåast på.

### 66/68 – Tongakaien

I politisk møte den 31.11.23 vart det vedteke å legge Tongakaien ut for sal da kommunen ikkje har midlar til å oppgradere kaien.

Den 27.12.23 kalla Tongjen båtlag in til møte for alle interessentar for å prøve å finne ei løysing. Det vart gjennomført to møter etter dette.

Det enda med at det vart sendt inn brev til kommunen frå fleire interesserte kjøparar frå Huglo. Kommunen vil difor legge ut kaien på finn.no.

### Merknadar:

Åse Willgos – kom med ein merknad på haustmøte om at utelyset måtte komme på plass. Det er framleis ikkje på plass, kvifor ikkje det? Dette må på plass. Det var svart ut at lyset måtte takast da det vert skifta glas på kjøkenet. Dette skal kome på plass igjen.

## **5. Stian Helland gjekk igjennom rekneskapen Godkjenning av rekneskapen**

Tok over ei pengekasse med overskot. Takka Janne for god hjelp.

### Tilstellingar:

- 17.mai – har gått i overskot med 683,- kr
- Hugladagen – fekk inn 45 381 kr – overskot på 21 791 kr
- Basar – Hadde inntekt på 62 000,- kr og utgifter på 4876. Fekk eit overskot på 57 579,-

### Drift og vedlikehald av anlegg:

- Utgifter på 9270,- kr

### Skarvane 2:

Inntekt på 68 288,- kr

Utgifter på 34 971,-

Får eit overskot på 33 316,- kr. Hatt meir vedlikehald i 2023 enn året før.

Gåver:

Sparebanken Vest 180 000,- kr

Alsaker Fjordbruk 50 000,- kr

Renter og bankgebyr:

Inntekt på 2 880,- kr

Utgift på 718,- kr

Marknadsføring av huglo.no:

Utgift på 3000,- kr

Bygdahuset

Inntekt: 82 775,- kr

Utgifter: 319 659,-

Har eit negativt resultat på - 236 883,- kr

Offentlege tilskot:

50 000,- kr frå Stord kommune

Straum:

Forbruk på omlag 71 000,- kr

Spørsmål/merknadar:

Det vart etterspurt faktura om leige av bygget for i fjor og for leige av utleige til Bygdekvinnetreff. Etterspør også faktura på deling av utgiftene på breiband. Hadde også kommentar til at det var lite å tene på utleige av Skarvane 2. Sigurd Huglen orienterte om at ein har fornya leigeavtalen der leigetakarane no betalar dei kommunale utgiftene.

Det var ein større diskusjon om Skarvane 2:

Vidare kom det innspel om at bygget gjerne vert selt om det er nokon som vil kjøpe. Det var opplyst at noverande eigar ikkje ønskjer å kjøpe bygget. Det vart og stilt spørsmål til kva utgiftene til bygget hadde gått til. Det vart svara ut at utgiftene har vore dei kommunale avgiftene og generelt vedlikehald.

Det kom innspel om at bygdelaget bør finne ut av klausulen mellom Stord kommune og kjøpet av/overtaking av Skarvane 2.

**7. Val**

**Valnemda v/ Janne Eikeland**

Janne Eikelnd orienterte om valet:

**Styret i Huglo Bygdelag:**

Sigurd Huglen (leiar)

Stian Helland

Torunn Nødland

Dei som år ut:

Marlene Sørli

Erling Grov

Forslag til nye styremedlemmer:

Kjersti Aasheim  
Erik Wilgos  
Birger Bauge

Resultat av valet:

Kjersti Aasheim 31 stemmer  
Birger Bauge 23 stemmer  
Erik Willgos 14 stemmer

**Val av Vara:**

Forslag:  
Kristina Caldwell  
Håkon Brandvik  
Erik Willgos  
Alf Einar Notlnd

Resultat val vara:

1.vara Alf Einar  
2.vara Håkon Brandvik

**Revisor:**

Hedvig Flornes

Tek attval 1 år

**Leiar:**

Forslag:  
Sigurd Huglen 21  
Torunn Nødland 13

Resultat av val:

Sigurd Huglen

**Nytt styre anno 2024:**

Sigurd Huglen (leiar)  
Torunn Nødland  
Stian Helland  
Kjersti Aasheim  
Birger Bauge

1. vara Alf Einar  
2. vara Håkon Brandvik

**Ny valnemnd:**

Endre Caldwell, Janne Eikeland og Marlene Sørli

*Årsmøte*

Valnemnda kom med innspel om at valnemda sitt forslag skal vera offentleg og leggjast ut på huglo.no ei veke før valet/årsmøtet.

**8. Innspel/ymse:**

- Orientering om at det er kome namnelappar på kjøkkenhandklea som høyre til Bygdahuset

- Det kom spørsmål om prioriteringslista (lista over kva som må prioriterast å gjerast med bygdahuset med tanke på vedlikehald og renovering). Det var stilt spørsmål til kvifor denne prioriteringslista ikkje har vore oppe på styremøta? Styret svarte ut at mellombygget er prioritert. Vidare vart det svart at lista har til ein viss grad vore følgt, men at den ikkje er oppdatert.
- Det var stilt spørsmål til kva prosjekt som er på gang. Styret starte at det er den eine sida av gangen i mellombygget for så å gå vidare på den andre sida. Toalett og garderober skal oppgraderast.
- Det kom innspel om at dugnad kan nyttast i større grad.
- Det var spørsmål om pengane på kontoen er låst til noko spesielt prosjekt per no? Styret svarte ut at det er mellombygget som er prioritert no.
- Det vart ein diskusjon om korleis å få betre framdrift på vedlikehaldet og renoveringa av bygdahuset. Fleire av innspela gjekk ut på at ein burde ha ein byggeleiar/dugnadsleiar som klarer å sjå heile prosjektet og som klarer å kalle inn til dugnad når det trengst. Vidare kom det innspel om at styret i bygdelaget bør klare å finne ein eigna kandidat som dei kan spørje om å vera byggeleiar/dugnadsleiar for å få meir framgang på bygdahuset. Styret skal sjå på dette.
- Det var stilt spørsmål om kor lang tid det vil ta å renovere toaletta i mellombygget med tanke på at ein skal ha ein 17. mai-feiring om ikkje alt for lenge. Her kom det ikkje eit tydeleg svar frå styret, men at ein skal sørge for at toaletta er brukbare til 17.mai.
- Innspel om at ein kan nytte SPLEIS for å få inn pengar til bygdahuset.
- Innspel om at det var ønske om ei facebook-gruppe for å kalle inn til dugnad. Kom også innspel om å køyre ut informasjon som kunne leggest i kvar postkasse for å kalle inn til dugnad.
- Det kom spørsmål om midlar og kva det er søkt om. Det var svart ut at det er søkt til SIM og at ein får svar i april på dette.
- Spørsmål om grus i dumpa i innkøyring til bygdahuset. Styret får ta kontakt med ein på øya som kan ordna dette.
- Det kom ros til dei som har brøyta uteplassen utanfor bygdahuset i vinter.

10/4-24  
 Laila Nordtveit  
 Wenche Taranger